

## Referat frå foreldremøte i 7. klasse, torsdag 14. mars 2024

Desse Møtte: Wojciech, Gjertrud, Gunn Marit, Sissel, Mona, Taher + Helene og Kari på Teams

Frå skulen møtte Gunnlaug (rektor), Nina E (rådgjevar) og Nina Aa (kontaktlærar)

Alle elevane var med på delen der det vart informert om valfag og framandspråk/språkleg fordjuping.

Sender ut presentasjonen som vart brukt på møtet, med desse kommentarane i tillegg:

### Gjeld valfag:

- Trafikk kan vere eit tilbod til elevane i 10. klasse.
- Om ingen vel trafikk, kan det bli eit tredje valfag (i tillegg til fysisk aktivitet og helse og praktisk handverk).
- Kennet har praktisk handverk dette skuleåret. I dette faget har ein samarbeid med NKKA/tømrar.
- Fysisk aktivitet og helse – Elevane skal få informasjon av Ola (som er lærar i faget dette skuleåret) seinare.
- Om ein har same valfaget alle åra å ungdomsskulen, er det karakteren i 10. klasse som blir ståande. Om ein elev har ulike valfag, vil det bli sett karakter i kvart av faga, og ein gjennomsnittskarakteren vert standpunkt-karakter.
- Ola har torsdag 21. mars gitt elevane følgjande informasjon om valfaget fysisk aktivitet og helse:
  - Det vert lagt opp til variasjon – ulikt opplegg frå år til år, sidan 8. – 10. klasse har faget saman.
  - Er litt teori i faget, t.d. om musklar og skjelett.
  - Fysisk aktivitet kan vere trening.
  - Den fysiske aktiviteten kan vere valfrei, har m.a. hatt fotball, disk golf, boksing. Fokuset her er heile tida korleis ein kan bli betre i den aktuelle idretten/aktiviteten.
  - Vert også veklagt trening som kan førebyggje skadar.
  - Har hatt opplegg der elevane i grupper skal lage økt-planar for elevar med ulike føresetnadar.
  - Faget har tidlegare år hatt overnattingstur.
  - Mat – før og etter trening, er ein del av korleis mat kan vere helsefremjande, og at kosthaldet påverkar helsa vår.

### Gjeld framandspråk/språkleg fordjuping:

- Tysk: Må vere innstilt på å jobbe godt med faget. Undervisninga vert gitt ved Austrheim vidaregåande skule, men det vert truleg ein kombinasjon av å reise til Austrheim og å ha digital undervising. Dette kan også tryggje elevane i høve båtreisa ved dårleg ver. Elevane reiser til Austrheim kl. 11.00, og retur Hardbakke er ca. 16.00.
- Arbeidslivsfag: Denne undervisninga er også lagt til Austrheim vidaregåande skule. Undervisninga er organisert slik at elevane er i periodar innom 4 ulike programfag: Helse og

oppvekstfag, bygg og anleggsfag, naturbruk og teknologi og industrifag. Solund barne- og ungdomsskule sender ein lærar med elevane til Austrheim. I 8. og 9. klasse er ein innom alle fire programfaga, medan ein i 10. klasse kan velje to av programfaga som fordjupning.

I etterkant dukka det også opp eit spørsmål om det å bytte valfag. De fekk på møtet informasjon om at omval av framandspråk måtte skje før haustferien i 8. klasse. Gunnlaug har bekrefta at det også vil vere mogeleg å gjere omval når det gjeld valfag, men at dette også må skje tidleg haust.

Gjeld vurdering i orden og åtferd + vurdering (karakterar) i fag. Nina har i etterkant gått gjennom dette også med elevane.

Andre opplysningar:

- Nina Engevik vert ny kontaktlærar for klassen i 8. klasse.
- Det kan vere tilbod om leksetid, også for elvane på ungdomstrinnet, men inneverande skuleår har det ikkje vore interesse for dette.
- Er utlyst stilling som lærar-trainee.

Saker som gjeld 7. klasse:

- Oppmode alle om å stille på møte i 17. maikomiteen, gjerne melde frå om oppgåver ein kan ta ansvar for, men komiteen er godt i gang med arbeidet. 7. klasse har ansvar for loddbok, og har fått mange flotte gevinstar. Elevane i klassen må no ta ansvar for å selje lodd – kanskje få til sal på påskemarknaden? 7. klasse skal også skrive 17.-maitale på skulen, og fint med hjelp til oppmoding om å framføre talen.
- Sosial samling – Nina spør klassen kva aktivitet dei ynskjer og formidlar det til klassekontaktar.

Dette er no gjort – elevane har ikkje så mange innspel, men dette er noko dei ynskjer (ganske likt som i haust):

- Sjå film
  - Ute-aktivitetar, som Dib Dab (med ball), hoppe på trampoline
  - Spele brettspel
  - Lage taco
  - Lage brownies/oreo-dessert
- Val som gjeld neste skuleår:

Klassekontakt: Wojciech/Justyna

Vara: Vente til hausten med å velje vara, og kanskje sjå åra på ungdomstrinnet samla – då det også vert andre oppgåver (revy, tur, avslutning ...)

Gunn Marit sit i FAU også neste skuleår

- Med tanke på dusjing/symjing føl faglærar/kontaktlærar dette opp vidare, men vi har ikkje grunn til å tru at det er «uønska» hendingar som gjer at elevane sluntrar unna dusjing (om dei i det heile gjer det). Det same gjeld symjing – elevane føler at det har vore mykje symjing i gymtimane i år, samanlikna med sist skuleår. Dei er klare for meir anna aktivitet.

Referent: Nina Aa.